



HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL Utleigebustader frå Husbanken

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Levekår	046/17	25.10.2017

Framlegg til vedtak:

Time kommune gir følgjande høyringsuttale til forslag til ny forskrift om tilskot til utleigebustader frå Husbanken:

- 1. Kommunen er positiv til at bestemmelser og rettleiarar som regulerer tilskot frå Husbanken vert samla i ny forskrift.*
- 2. Kommunen meiner at alternativ 2 med fast %-sats er det beste forslaget for utmåling av tilskot.*
- 3. Kommunen er best tent med at nedskrivingstida for tilskot er 20 år som i dag.*

Levekår

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

LEV-046/17 Vedtak:

Time kommune gir følgjande høyringsuttale til forslag til ny forskrift om tilskot til utleigebustader frå Husbanken:

- 1. Kommunen er positiv til at bestemmelser og rettleiarar som regulerer tilskot frå Husbanken vert samla i ny forskrift.*
- 2. Kommunen meiner at alternativ 2 med fast %-sats er det beste forslaget for utmåling av tilskot.*
- 3. Kommunen er best tent med at nedskrivingstida for tilskot er 20 år som i dag.*

HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL Utleigebustader frå Husbanken

SAKA GJELD

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber m.a. kommunane om høyringsuttale til forslag til ny forskrift om tilskot til utleigebustader frå Husbanken.

SAKSOPPLYSNINGAR

Departementet oppgir fleire grunnar til forslaget om ny forskrift. Det er forslag om å endra modell for berekning av tilskot og det er gjort greie for to ulike berekningsmodellar som begge er presentert i høyringsnotatet. Det eine forslaget går ut på at fastsetting av tilskot skjer etter faste satsar gitt av departementet. I forslag nummer to vert tilskotet gitt som ein fast prosentdel av dei godkjente prosjektkostnadene opp til eit tak.

Departementet føreslår også å forlenga nedskrivingstida for tilskotet frå 20 til 30 år, og endring i kontrollrutinane.

Departementet føreslår vidare at ein del av bestemmelsane som i dag står i Husbanken sine retningsliner og i rettleiar for tilskot, vert flytta til ny forskrift.

Frist for å koma med høyringsuttale er sett til 12.november 2017.

VURDERING

Rådmannen ser det som positivt at bestemmelser i retningsliner og rettleiar vert flytta til ny forskrift. Det vil gje eit tydelegare og meir oversiktleg regelverk for dei som skal bruka ordninga.

Rådmannen er vidare positiv til endring i forhold til utmåling av tilskotet. Det har vore noko vanskeleg å prosjektera storleiken på tilskotet slik det er i dag, kor fleire variablar har spela inn på berekninga av tilskotet, som t.d.:

- fylke
- kommune
- husleige per måned
- storleiken på bustaden
- forvaltning, drifts- og vedlikehaldskostnader

Når det gjeld § 9 Kriterier for utmåling, meiner rådmannen at alternativ 2 er det beste forslaget. Då får kommunen ein fast %-sats å forhalda seg til utan nokon variablar, og %-satsen er bestemt på førehand. Ein fast %-sats vil fanga opp mange variablar som t.d.:

- geografisk plassering
- marknadspris (opp og ned)
- storleik på bustad
- kvalitet på bygget
- prosjektkostnad

Dette forutset at departementet ikkje set taket for godkjente kostnader for lågt.

Når det gjeld forslaget om å forlenga nedskrivingstida på tilskotet frå 20 til 30 år, så meiner rådmannen at det fungerer bra slik det er i dag. Det er ein del slitasje på denne type bustader og det kan difor vera behov for å skifta ut bustaden etter 20 år. Behovet for type bustad endrar seg også over tid. Tilgang på private bustader, endring i demografi og mottak av flyktningar er m.a. med og styrer behovet for denne type bustader.

KONKLUSJON

Rådmannen er positiv til at bestemmelser og rettleiarar som regulerer tilskot frå Husbanken vert samla i ny forskrift.

Når det gjeld utmåling av tilskot, meiner rådmannen at alternativ 2 med fast %-sats er det beste forslaget.

Rådmannen meiner at kommunen er best tent med at nedskrivingstida for tilskot er 20 år som i dag.

Rådmannen i Time, den 29.09.2017

Brit Nilsson Edland

Vedlegg:

Høringsbrev

Høringsnotat

Forslag til ny forskrift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur

